



Deloitte AS v/ Marit Brochmann
Damsgårdsveien 135, Pb. 6013 Postterminalen
5892 BERGEN

Dato: 13.12.2017
Vår ref.: 2017/13387-13
Saksbehandlar: torsan12
Dykkar ref.:

Forvaltningsrevisjon - fråfall i vidaregåande opplæring

Fylkesdirektør opplæring viser til brev til HFK v/fylkesrådmannen datert 23.11.17 vedk. oppstart av forvaltningsrevisjon – fråfall i vidaregåande opplæring.

I punkta under blir det vist til aktuelle vedlegg, og dessutan omtale av enkelte punkt.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Kvalitetsmelding 1617 Oppdatert versjon
- 2 Vedlegg 2 - Blikk for alle - fokus på den enkelte
- 3 Vedlegg 3 - Styringsdokument 2016-2018
- 4 Vedlegg 4 - Brev til skulane om fråværsgrænse
- 5 Vedlegg 5 - Ny fråværsregel - spørsmål og svar - intranett
- 6 Vedlegg 6 - Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017
- 7 Vedlegg 7 - Auka gjennomføring

- 8 Vedlegg 8 - Prosjektplan Auka gjennomføring - fleire ut i lære
- 9 Vedlegg 9 - Politisk sak til fylkestinget juni 2017
- 10 Vedlegg 10 - Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden
- 11 Vedlegg 11 - Strategi 2016-19 fagopplæring
- 12 Vedlegg 12 - Tilstandsrapport 2015-16
- 13 Vedlegg 13 - Prosedyre heving av lærekontrakt
- 14 Vedlegg 14 - Tilstandsrapport 1617 Arna vgs
- 15 Vedlegg 15 - Tilstandsrapport 1617 Os vgs
- 16 Vedlegg 16 - System for verksemdsbasert vurdering
- 17 Vedlegg 17 - Støtte i overgang til lære
- 18 Vedlegg 18 - Program - støtte i overgangen til lære
- 19 Vedlegg 19 - Kvalitetsoppfølging, besøk læreverksemder
- 20 Vedlegg 20 - Dialogmøte, døme Bilbransjens oppl. ktr. 2017
- 21 Vedlegg 21 - Lokale godskrivingsreglar - Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi
- 22 Vedlegg 22 - Handlingsplan mot trakassering og mobbing av lærlingar og lære kandidat
- 23 Vedlegg 23 - Talepunkt og sjekklister bedriftsbesøk
- 24 Vedlegg 24 - Gjennomgang av fag- og yrkesopplæring rapport fra BI oversendt 2.okt17
- 25 Vedlegg 25 - Verksemdplan OTPPT 2017
- 26 Vedlegg 26 - Årshjul OTTO
- 27 Vedlegg 27 - Rutine rapportering til UDIR
- 28 Vedlegg 28 - Brukerhåndbok OTTO
- 29 Vedlegg 29 - Masseutsending av SMS til OT
- 30 Vedlegg 30 - Masseutsending standard ot-brev rutine
- 31 Vedlegg 31 - OT-kodar justert per 09012015
- 32 Vedlegg 32 - Rutine for manglande kartlegging av avklaringsamtaler-oppfølgingsavtaler
- 33 Vedlegg 33 - Rutine oppfølging av OTUK 060614
- 34 Vedlegg 34 - Rutine_Q1R026 Siste OT-statuslinje
- 35 Vedlegg 35 - Systemeiarskap 2014

- 36 Vedlegg 36 - OTPPT sitt førebyggjande arbeid mot fråfall i vgo
- 37 Vedlegg 37 - Kompetanseplan OT 2016-2019
- 38 Vedlegg 38 - Rutine for overføring av ungdom som flyttar
- 39 Vedlegg 39 - Rutine for overføring av saksmapper i OTPPT
- 40 Vedlegg 40 - Rutine for utlevering av saksinformasjon
- 41 Vedlegg 41 - Rutine når NAV krev innhenting av opplysningar §21-4
- 42 Vedlegg 42 - Rutine for melding til Barneverntenesta
- 43 Vedlegg 43 - Rutine bruk av tolk
- 44 Vedlegg 44 - Forslag til årshjul ressursteam
- 45 Vedlegg 45 - Retningslinjer for ressursteam_13
- 46 Vedlegg 46 - Retningslinje for avklaringsamtale
- 47 Vedlegg 47 - Rutine avklarings skjema tilvising og venteliste
- 48 Vedlegg 48 - Inntak til Sykhuskolen
- 49 Vedlegg 49 - Områdefordeling 171007
- 50 Vedlegg 50 - Søknad om opplæring på Studiesenteret for OT-elevar
- 51 Vedlegg 51 - Skjema til OT ved heving
- 52 Vedlegg 52 - Samarbeidsavtale HFK og NAV 2017-2020
- 53 Vedlegg 53 - Samhandlingsnettverk Sunnhordaland Program
- 54 Vedlegg 54 -#gameplan prosjektplan
- 55 Vedlegg 55 -gameplan Halvårsrapport V2017
- 56 Vedlegg 56 - Rettleiar for eit godt skulemiljø
- 57 Vedlegg 57 - Fokus på relevans i ressursteam møte på skulane
- 58 Vedlegg 58 - Utviklingsplan Stord vgs
- 59 Vedlegg 59 - Kartlegging YFF Stord vgs
- 60 Vedlegg 60 - Formidlingsplan Stord vgs avd.
- 61 Vedlegg 61 - Rutine søknad korte kompogivande kurs
- 62 Vedlegg 62 - Inntaksprosedyre#Gameplan
- 63 Vedlegg 63 - Inntaksprosedyre Hyssingen Produksjonsskule

- 64 Vedlegg 64 - Rutine for bruk av jobbspesialist ved ungdomsmottaket
- 65 Vedlegg 65 - Rutine Ungdomsmottaket
- 66 Vedlegg 66 - Samarbeidsavtale - Hyssingen og OT
- 67 Vedlegg 67 - Samarbeidsavtale HFK og NAV Hordaland
- 68 Vedlegg 68 - Samarbeidsavtale EVS - frivillig arbeid OT og FIA
- 69 Vedlegg 69 - Jobpics og kortfatta brukarmanual

Dokumentasjon som Deloitte har etterspurt i samband med forvaltningsrevisjonen.

1 - Oversikt over fråfall blant elevar ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen for skuleåret 2015/2016, 2016/2017 og hittil i skuleåret 2017/2018

Tabellen under viser tal kritiske sluttarar for skuleåra 2015/16, 2016/17 og per 31.10 for 2017/18.

Skuleår	Tal sluttarar
2017/18 (per 31.10.17)	134
2016/17	696
2015/16	543

Viser elles til vedlegg 1 - Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17.

2 - Oversikt over fråfall blant lærlingar i Hordaland for skuleåret 2015/2016, 2016/2017 og hittil i skuleåret 2017/2018

Tabellen under viser til lærekontraktar som har blitt heva i kalenderåret 2015, 2016 og hittil registrerte i 2017.

Kalenderår	Tal oppheva kontraktar
2017	212
2016	295
2015	267

3 - Eventuelle fylkeskommunale planar, retningslinjer, rundskriv, målsettingar og vedtak som omhandlar arbeid med førebygging av fråfall i vidaregåande opplæring, under dette identifisering og oppfølging av elevar eller lærlingar som er i faresonen for fråfall.

Vedlegg 1 - Kvalitetsmelding 2016/17 synleggjer dei tre hovudmåla og tilhøyrande strategiar for opplæringssektoren inngår som del av Hordaland fylkeskommune sine verksemdsstrategiar, jf. s. 8.

Vedlegg 2 – Blikk for alle – fokus på den enkelte. Eit rettleiingshefte om tidleg identifikasjon, kartlegging og tett oppfølging av elevane.

Vedlegg 3 – Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet. Plattform for skuleleiarar og lærarar (side 7 og 8) synleggjer forventningar til å kartlegge sider ved skulen si verksemd som kan føre til utanforskap og sjå til at det blir sett i verk endringar, og identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre og legge til rette for tett oppfølging og læring med fokus på meistring og motivasjon.

Overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring står fast i styringsdokumentet, og skulane har fått styrka sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Skulane definerer tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunngir vala ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Vedlegg 4 og 5: Oppfølging av frávær: 1. august 2016 blei det innført fráværsgrense for elevar i dei vidaregåande skulane. Opplæringsavdelinga har ei eiga side på intranett for informasjon til skulane. Vedlagt

er brev til skulane om HFK sine presiseringar kring fráværsgrensa, samt eit «vanlege spørsmål og svar-dokument».

Vedlegg 6 - Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017, herunder m.a «prosjekt fleire ut i lære».

Vedlegg 7 - Auka gjennomføring i yrkesfaga. Strategiar på kort og lang sikt, ei heilskapleg tilnærming.

Vedlegg 8 - Prosjektplan «auka gjennomføring – fleire ut i lære»

Vedlegg 9 - Løypemelding til FT: Prosjektet "Auka gjennomføring - fleire ut i lære"

Vedlegg 10 - Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden - prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære».

Vedlegg - 11 Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019.

4 - Tilstandsrapport (skuleeigar sin årlege rapport om tilstanden i opplæringa) for dei 2 siste år Sjå vedlegg 1 og 12

5 - Beskriving av, og eventuelle rutinar for, korleis fylkeskommunen registrerer sluttårsaker innanfor vidaregåande opplæring

Når ein elev står i fare for å avbryte vidaregåande opplæring, må skulen eller bedrifta ta kontakt med Oppfølgingstenesta for å gjennomføre ein avklaringssamtale. Føremålet er å legge til rette for ein tidleg og forpliktande oppfølgingsavtale med ungdommen. Skulen har ansvaret for å gjennomføre samtalen. Viser elles til pkt. 11.

Rutinar for korleis fylkeskommunen registrerer sluttårsaker er å finne i Utdanningsdirektoratet si registreringshandbok. Kodane skulane skal bruke viser årsaken til at eleven avbryt utdanningsprogrammet/programområdet i løpet av skuleåret, eller lærlingen/lærekandidaten hevar lærekontrakten/opplæringskontrakten.

Avbrotårsaker for elevar: <http://regbok.udir.no/35004/3344/35042-1037790.html>

Avslutningskode for lærlingar: <http://regbok.udir.no/35004/3344/35042-1015063.html>

Sluttårsak blir registrert i fylkeskommunen sitt studieadministrative system Extens, og det er berre mogeleg å bruke koder/avbrotårsaker som er fastsett av VIGO kodeverksgruppe. Avbrottdato og avbrotårsak skal registrerast når eleven skriv under på at han/ho har avbrote opplæringa på skulen.

Vedlegg 13 - Prosedyre heving av lærekontraktar.

6 - Eventuelle gjennomførte analyser av årsaker til fråfall blant elevar i vidaregåande skule og/eller lærlingar

Hordaland fylkeskommune støttar seg til eit mangfald av nasjonal litteratur på forskning og analyser av årsaker til fråfall i vidaregåande opplæring. Døme på det er:

«Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar? En undersøkelse av bortvalg ved de videregående skolene i Akershus fylkeskommune skoleåret 2010-2011. Rapport 6/2012.» Lenke:

<https://www.nifu.no/publications/924501/>

* KSU sin rapport «Frafall i videregående opplæring – En systematisk kunnskapsoversikt»: Lenke:

<https://utdanningsforskning.no/globalassets/frafallrapport2015-kunnskapssenteret.pdf>

Rapporten, s. 11, viser til komplekse årsakssamanhengar, men der nokre årsaker er gruppert i fire overordna kategoriar, som:

- Elevane sine skuleprestasjonar før vidaregåande skule
- Elevane sine sosiale bakgrunnsfaktorar
- Betyding av identifikasjon og engasjement for skulen
- Kontekst opplæringa skjer i, som t.d. fylke eller utdanningsprogram, som betydning for fråfall

Vedlegg 1, Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17 tematiserer også gjennomføring og fråfall, og hentar drar inn relevant forskning i vurdering av resultat. Mellom anna knytast resultat i meldinga til fleire av årsakssamanhengane som KSU sin rapport viser til.

I Hordaland er det elles ein stor del av sluttarane som er registrerte under kategorien «annan fråfallsårsak/ukjent». På bakgrunn av dette, bad fylkesdirektør opplæring i 2016/17 skulane rapportere særleg på desse tala. Av dei skulane som har brukt denne kodinga, gir mange uttrykk for bak denne kategorien ligg det elevar som slutta på grunn av samansette årsaker, utan at dei spesifiserer konkrete årsaker vidare. Det er nærliggande å tru at det ikkje har vore mogeleg å velje éin sluttårsak åleine. Andre skular beskriv at det er helseårsaker og personlege utfordringar som ligg bak.

Ei anna viktig forklaring til kva som ligg bak denne kategorien er at skulen ikkje har lukkast å oppnå kontakt med eleven. Det kan vere at dei aldri reelt sett blei elev ved skulen eller at eleven ikkje har respondert når skulen tok kontakt, og at det ikkje har vore mogeleg å gjennomføre avklaringsamtale.

7 - Eventuell rapportering frå skulane til Opplæringsavdelinga knytt til arbeid retta mot førebygging av fråfall i vidaregåande opplæring

Sjå vedlegg 14 og 15 tilstandsrapportar frå Arna vgs og Os vgs.

Dette er døme på tilstandsrapportar som dei vidaregåande skulane sender til opplæringsavdelinga etter kvart avslutta skuleår, og som inngår som ei viktig kjelde i system for verksemdsbasert vurdering.

8 - Eventuelle rutinar/prosedyrar fylkeskommunen har utarbeidd for å førebygge fråfall, t.d. i samband med kartlegging og iverksetjing av tiltak

Viser til punkt 3 og vedlegg 2 Blikk for alle – oppfølging av den enkelte.

Vedlegg 3 - Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet legg klare forventningar til å kartlegge og å setje i verk, gjennomføre og evaluere tiltak.

Vedlegg 16 - System for verksemdsbasert vurdering, krav til verksemdsbasert vurderingsarbeid.

Vedlegg 17 - Støtte i overgangen til lære - eit tiltak i regi av prosjektet Auka gjennomføring - fleire ut i lære.

Vedlegg 18 - Program - støtte i overgangen til lære

Vedlegg 19 - Kvalitetsoppfølging, besøk læreverksamder

Vedlegg 20 - Dialogmøte, døme Bilbransjens oppl. ktr. 2017

Vedlegg 21 - Lokale godskrivingsreglar for lengde på læretid for å få fleire elevar ut i lære etter Vg2 yrkesfag.

Vedlegg 22 - Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lære kandidatlar

Vedlegg 23 - Talepunkt og sjekklister bedriftsbesøk

Jf. også vedlegg 45 om ressursteam.

9 - Eventuelle interne og eksterne evalueringar som er gjort av tiltak retta mot førebygging av fråfall ved vidaregåande skular

HFk deltek, saman med Sogn og Fjordane, Troms og Nordland fylkeskommunar, i *Complete*, eit forskingsprosjekt for å prøve ut og evaluere både implementeringsprosess og effekt av forskingsbaserte

tiltak som tek sikte på å betre det psykososiale læringsmiljøet, som igjen skal bidra til reduksjon av fråfall i vidaregåande opplæring. Prosjektet består av to tiltak, Drømmeskolen og Nærværsteam. Sjå Kvalitetsmelding 2016/17 for omtale av forskingsprosjektet. Jamfør også punkt 16.

15. desember publiserer HEMIL-senteret på UiB ein midtvegsevaluering av prosjektet.

KSU sin rapport «Frafall i vidaregåande opplæring – En systematisk kunnskapsoversikt», jf. pkt. 6.

Vedlegg 24 - Gjennomgang av fag- og yrkesopplæring rapport frå Handelshøgskolen BI.

10 - Eventuelle retningslinjer/rutinar for å nytte erfaringsdeling og «beste praksis» i arbeid med etablering av tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande opplæring

Viser til Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17, s. 9 om strategiar i arbeidet med kvalitetsutvikling. Eit viktig strategisk grep er kontinuerlig utvikling av profesjonelt leiarskap på skuleeigar- og skulenivå, med m.a. regionale leiarsamlingar. Lærande nettverk på skule- og fylkesnivå legg til rette for erfaringsdeling innad og på tvers av skular.

HFK har også 16 ulike fagnettverk, som m.a. skal styrke samarbeidet innad i utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og eksterne kompetansetilgjeng/arbeidsliv. Fagnettverka består av to lærarar som er frikjøpte i til saman 30 %, ein skuleleiarrepresentant, skuleeigarrepresentant og ein eller fleire eksterne representantar frå arbeids- og næringsliv eller høgskule/universitet.

Læring i Hordaland, www.Laringihordaland.no: Læring i Hordaland er ein delingsarena for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande opplæring i Hordaland. Nettstaden er eit samarbeid mellom dei vidaregåande skulene og opplæringsavdelinga.

Opplæringsavdelinga gjennomfører skulebesøk, som ein del av den systematiske kvalitetsoppfølginga, jf. vedlegg 16. Rektorar frå andre skular enn den som har besøk blir oppmoda om å delta som observatørar for å hauste erfaringar og praksis frå andre.

11 - Rutinar for oppfølgingstenesta (OT) sitt arbeid og oppfølging av elever

Vedlegg 25-43

25 - Verksemdsplan for OT/PPT 2017

26 - Årshjul i OTTO (flytskjema) herunder høyrer også vedlegga:

- 27 - Rapportering til Udir
- 28 - Brukarhandbok i OTTO
- 29 - Masseutsending av SMS
- 30 - Masseutsending av standardbrev
- 31 - OT-kodar
- 32 - Kartlegging/manglande innkalling av avklaringsamtale
- 33 - Rutinar oppfølging av OTUK (ukjende)
- 34 - Rapport Q1R026 Siste OT-statuslinje
- 35 - Systemeigarskap oppgåver og ansvar i OTTO

36 - OT/PPT sitt førebyggjande arbeid mot fråfall i vidaregåande opplæring

37 - Kompetanseplan 2016/19

38 - Rutine for overføring av ungdom som flyttar

39 - Rutine for overføring av saksmapper

40 - Rutine for utlevering av saksmapper

- 41 - Rutine når NAV krev innhenting av opplysningar
- 42 - Rutine for melding til barnevernstenesta
- 43 - Rutine for bruk av tolk

12 - Eventuelle rutinar for samhandling mellom OT og skular

Vedlegg 44-50

- 44 - Forslag frå OT til skulane om årshjul ressursteam
- 45 - Retningslinjer for ressursteam
- 46 - Retningslinjer for avklaringsamtaler
- 47 - Rutine avklarings skjema
- 48 - Inntak til sykehuskolen
- 49 - Områdefordeling OT-kontaktar
- 50 - Rutine søknad Studiesenteret på Årstad vgs

Vedlegg 51-53

- 51 - Fagopplæring rapporterer til OT ved heving av lærekontraktar
- 52 - Samarbeidsavtale HFK –NAV
- 53 - Samhandlingsnettverk – Sunnhordland

13 - Eventuelle evalueringar av oppfølginga og dei ulike tilboda som OT tilbyr elevar/lærlingar i faresonen for fråfall

Forskningsprosjekt Complete
Hyssingen produksjonsskole (evalueringsrapport i regi av Hyssingen)
Evalueringsmøter med studiesenter Årstad
PP-tenester er tilgjengelege for OT-ungdom
Psykologteam forsøksordning.

Vedlegg 54-55

- 54 - #gameplan-prosjektplan
- 55 - #gameplan – halvårsrapport vår 2017

14 - Eventuelle retningslinjer/rutinar for involvering av elevane sjølv og foreldre i planlegging og gjennomføring av arbeid retta mot førebygging av fråfall

Skulane og lærebedriftene skal i følgje forskrift til opplæringslova § 2-1 "jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet". *System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane* («systemdokumentet»), jf. vedlegg 16, viser korleis opplæringssektoren skal arbeide systematisk, langsiktig og målretta med kvalitet.

Systemdokumentet legg føringar på korleis skulane skal involvere elevar i tilstandsvurdering og utarbeiding av utviklingsplan. Elevane deltek også på nemnte skulebesøk, som er ein del av styringsdialog og utviklingsdialog mellom skuleeigar og skulane.

HFK har obligatorisk årleg gjennomføring av undervisningsevaluering. «Elevevaluering av lærarar» bytte namn til undervisningsevaluering i 2008. Undervisningsevalueringa er ei oppfølging av Fylkesutvalet sitt vedtak, 21.6.2007, om elevevaluering av lærarar.

Vedlegg 2, Blikk for alle – fokus på den enkelte omtalar viktigheita av samarbeid med heimen, og viser til forskrift til opplæringslova, § 20-1 om formål med foreldresamarbeid.

Skulemiljøkonferansen blir kvart år arrangert over to dagar.

15 - Anna relevant dokumentasjon som fylkeskommunen meiner kan bidra til informasjon om arbeid retta mot å førebygge fråfall i vidaregåande opplæring

Vedlegg 56: Rettleiar for arbeid med skulemiljø - for eit godt skulemiljø, mot mobbing og andre krenkingar.

Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet: <https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/elev--og-larlingombodet/>

Likeverd i Hordaland fylkeskommune Temaplan 2017 – 2021, med tilhøyrande dokument: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/pdf-til-nyheiter-2017/likeverd-i-hordaland-fylkeskommune.plan..pdf>

Vedlegg 57 - Fokus på relevans i ressursteam møte på skulane

Vedlegg 58 - Utviklingsplan frå Stord vgs

Vedlegg 59 - Kartlegging av faget YFF gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» døme frå Stord vgs.

Vedlegg 60 - Skulen sin formidlingsplan - skulane i prosjektet «auka gjennomføring - fleire ut i lære». Døme frå Stord vgs.

16 - Ansvarsdeling for oppfølging og tiltak ovanfor elevar i vidaregåande opplæring som blir vurdert å vere i faresonen for fråfall

Skulane har «eigaransvar» og rapporteringsansvaret for ungdomen så lenge dei formelt er elevar i skulen, og det same gjeld for lærlingane som er i bedrift, då er det bedrifta/fagopplæringa som har ansvaret. OT har «eigaransvaret» for dei som har slutta. Det er likevel eit utstrekkt samarbeid om både elevar og lærlingar som vert vurdert i faresonen, til dømes gjennom deltaking eller lokalisering av OT i elevtenesta på fleire skular. Vidare deltek OT i ressursteam på kvar skule. Dette er jamlege møte kvar anna veke.

Forskningsprosjektet Complete og «Nærværsteam» som er finansiert gjennom Kunnskapsdepartementet er eit målretta tiltak for å førebygge fråfall og er særleg retta mot psykososial oppfølging av enkeltelevar i vidaregåande skule. Tiltaket består av ei forsterka, førebyggjande elevteneste i form av eit Nærværsteam. Teamet skal sikre at elevane får tett oppfølging og gode overgangar inn i og mellom dei ulike fasane av utdanningsløpet, gjennom kontinuerleg nærværarbeid. To av skulene i Complete-prosjektet, Austrheim vgs og Arna vgs har både Drømmeskole og Nærværsteam. På kvar av skulane har OT inne 50 % stillingsressurs for å koordinere og arbeide i nærværsteamet.

17 - Oppfølging og tilbod som oppfølgingstenesta (OT) tilbyr elevar/lærlingar i faresonen for fråfall

Vedlegg 61-69

61 - Korte kompetansegivande kurs

62 - Inntaksprosedyre #gameplan

63 - Innsøking Hyssingen produksjonsskole

64 - Rutine for bruk av jobbspesialist

65 - Rutine for Ungdomsmottaket i NAV

66 - Samarbeidsavtale med Hyssingen produksjonsskole

67 - Samarbeidsavtale med NAV (viser føringar og rutinar)*

68 - Samarbeidsavtale EVS (Europasamarbeid Regionalavd)

69 - Jobpics Karriereverktøy

Lærlingar:

«Støtte i overgang til lære» Prosjekt der OT deltek. Prosedyrane blir utarbeidd fortløpande i skuleåret. Fagopplæring har ansvaret, OT deltek.

*OT, Fagopplæring og NAV har eit samarbeidsforum på leiarnivå som følgjer opp samarbeidsavtalen. OT stiller på møter på opplæringskontor/bedrift etter ønskje frå lærling eller verksemda. OT og fagopplæringa har samarbeidsmøter kvar andre månad.